

Lindås kommune
v/ byggesak
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Eva og Oddvar Eidsheim
Haugvegen 24
5914 ISDALSTØ

Knarvik 08.06.2016

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN og KOMMUNEPLAN
for gbnr 188/278, Gjervik Ytre

Det vert søkt om dispensasjon for oppføring av garasje med areal under/ca 50m².
Plassering av bygningen er vist på vedlagte situasjonsplan, og vil ha ein minsteavstand ca 1,1 m frå nabogrense og ca 1,3 m frå eigedomsgrense mot veg (2,1 m frå vegkant)

Jf. møte med kommunen, treng ein

1. Dispensasjon frå Reguleringskravet i kommuneplan (Knarvik- Alversund) pkt. 2.3,
2. Dispensasjon frå reguleringsplan for Felt B/Knarvik §1, avstandskrav 5m frå byggeline mot veg og grannegrense.

1. Reguleringskravet i kommuneplanen pkt. 2.3

Vi er noko usikker på kvifor kommunen har nemnd dette. Reguleringsplanen er registrert som gyldig og bygningane på plankartet kan gje utnyttingsgrad (jf. planjuss 01/2012). I reguleringsplanen er det i tillegg gjeve opning for garasje inntil 50 m². Vi viser elles til nest siste setning i kommuneplanen pkt. 2.3 som viser til pkt. 2.4, som gjev opning for bygging i område som er helt eller delvis utbygd utan reguleringsplan. Om det er naudsynt søker vi likevel om dispensasjon frå reguleringskravet frå kommuneplanen pkt. 2.3.

Grunngjeving

Det vil vere urimeleg å krevje ny reguleringsplan for eit slikt lite tiltak, i eit elles regulert område der det i eksisterande reguleringsplan er opna for garasje på inntil 50m².

2. Dispensasjon frå avstandskrav byggeline mot veg og grannegrense.

I reguleringsplanen §1 og på plankartet (veg), er det krav om at bygningane ikkje må koma utanfor byggelinjer mot veg eller nærare grannegrense enn 5m. Det vert søkt om dispensasjon frå dette med henholdsvis min 1,3m frå veg og min. 1,1 m frå grannegrense.

Grunngjeving

Oppføring av garasje vil gje ei god utnytting av tomta, gjere kvardagen enklare og heva livskvaliteten for oss. Vi har behov for både auka bodplass og moglegheit for plassering av bil i garasje, spesielt i vinterhalvåret. Oppføring av garasje vil vere i samsvar med plan.

Det vil ikkje vere mogeleg å plassere garasje utanfor 5 m byggegrense mot veg og naboar slik tilhøva er på plassen. Plassering av garasjen gje minst mogleg ulempe for naboar. Plassering er lik mange av dei andre i feltet.

Slik omgjevandane på tomta elles er, med plassering av tilkomst frå veg og hovudbygning er dette ei naturleg plassering av garasjen. Plasseringa vil bidra til at ein framleis vil kunne snu bil på eigen grunn. Også i høve uteopphaldsareal elles på tomta er dette det mest gunstige område for plassering av garasje.

I høve sikt langs vegen vil dette ikkje verte påverka av garasjen då denne liggjande parallelt med kommunevegen. Garasjen vil ikkje påvirke avkjøringssikt frå egen eller nabo (gbnr 188/) sin eigedom (sjå kart). Avstanden frå vegnbana (2,1m) vil ikkje påvirke dagens situasjons i høve brøyting/snøopplag.

Dei fleste andre i området har også bygd garasje/bygningar i tilsvarende avstand frå både nabogrense og veg.

Tiltaket vil dermed ikkje medføre noko form for ulempe for naboar eller vegeigar.

Fordelane ved å løysinga vil klart vere større enn ulempene og dispensasjon kan gjevast.

Med Helsing

Eva og Oddvar Eidsheim